



MELAND KOMMUNE

Føresegner
jf. plan- og bygningslovens (PBL) § 12-7
for:

DETALJREGULERING FOR FV. 245 FOSSE – MOLDEKLEIV, MED OPPGRADERING AV FOSSEKRYSET

PlanID: 125620160012

Dato: 31.10.2018

§1.

GENERELLE FØRESEGNER

Desse føresegnene gjeld for området innanfor plangrensa på plankartet. Utbygging av området skal skje i samsvar med plankartet og føresegner.

Målet med reguleringsplanen er å leggje til rette for utviding av fv. 245, bygging av gjennomgåande gang- og sykkelanlegg langsmed fylkesvegen, utbedring av kollektivhaldeplassar på strekninga og ombygging av Fossekrysset.

Området er regulert for følgjande føremål, jf. Plan- og bygningslova § 12-5:

SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL §12-5 nr. 2)

- Veg (SV)
- Køyreveg (SKV)
- Fortau (SF)
- Gang-/sykkelveg (SGS)
- Anna veggrunn, grøntareal (SVG)
- Leskur/Plattformtak (SP)
- Parkering (SPA)

LANDBRUKS- NATUR OG FRILUFTSFORMÅL SAMT REINDRIFT (PBL §12-5 nr. 5)

- Landbruksformål (LL)
- Naturformål av LNFR (LNA)

BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANSONE (PBL §12-5 nr. 6)

- Naturområde i sjø og vassdrag (VNV)

OMSYNSSONE jf. PBLs §12-6:

- Frisikt (H140)
- Faresone høgspent (H370)
- Bevaring kulturmiljø (H570)

BESTEMMELSESONRÅDE jf. PBLs §12-7:

- Anlegg- og riggområde (#1)
- Føresegnsområde (#2)

§2.

FELLES FØRESEGNER

2.1 Støy

Tilrådingane i «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442/2016», eller til ein kvar tid gjeldande retningsline, skal følgjast.

2.2 Kulturminne

Om ein under anleggsarbeidet skulle avdekke ukjende kulturminne, skal arbeidet stoppast med ein gong, og rette mynde kontaktast, jamfør undersøkingsplikta i Kulturminnelova § 9.2.

2.3 Universell tilgjenge

Tiltak i planområdet skal i størst mogleg grad utformast etter prinsipp om universell tilgjenge.

2.4 Landskapstilpassing

Planlagt veganlegg skal utførast slik at det vert best mogleg tilpassa eksisterande terreng og omgjevnader. Tiltaka skal ha ei god estetisk utforming i samsvar med funksjon, naturgjevne og bygde omgjevnader.

§3.
UTFYLLANDE PLANAR OG
DOKUMENTASJON

3.1 Ytre miljøplan

Det skal lagast Ytre miljøplan (YM-plan) for prosjektet, som skal ha særleg fokus på forureining, og plan for avbøtande tiltak. Det er sett rekkefølgjekrav til utarbeiding av YM-planen, sjå §9.1.

3.2 Sikkerheit, helse og arbeidsmiljøplan (SHA)

Byggherren har ansvar for at det vert utarbeida SHA-plan. Tiltak mot arbeidsulukker og ulukker med mjuke trafikantar i samband med anleggsarbeid, skal sikrast gjennom denne. Som ein del av SHA-plan skal det utarbeidast eigen plan for midlertidig løysing for skulebarn i anleggsfasen. Under anleggsperioden skal det til ei kvar tid vere sikra trygg skuleveg for barn og unge.

3.3 Byggjeplan

Omsynet til landskapet skal sikrast gjennom utarbeiding av byggjeplanar og gjennom vidare arbeid i anleggsfasen. Prinsipp for terreng- og landskapstilpassing samt krav til utforming av tekniske anlegg og revegetering, skal gå fram av planane. Alle inngrep som blir gjort i samband med veganlegget skal utførast med naudsynt varsemd og med omtanke for terreng og utsjånad. Terrenghandsaming skal gjerast ferdig samtidig med resten av veganlegget.

3.4 VA, avløp og overvasshandtering

VA-rammeplan datert 31.10.2018 er retningsgjevande for den vidare detaljprosjekteringa og byggesakshandsaminga.

3.5 Plan for massehandtering

Før igangsetting av arbeid skal det liggje føre ein plan for massehandtering. Jord frå jordbruksareal (fulldyrka jord og innmarksbeite) skal sikrast vidare bruk. Avfall og ureina massar skal transporterast til godkjent mottak.

§4.
SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK
INFRASTRUKTUR
(PBL § 12-5 nr. 2)

4.1 Veganlegget (SKV, SV)

Vegane (SV, SKV) skal opparbeidast med den linjeføring, breidde, høgde og normalprofil som går fram av tekniske teikningar til reguleringsplanen, og tilpassast eksisterande omkringliggande tilhøve.

Fortau og gang- og sykkelanlegg (SF, SGS) skal opparbeidast i samsvar med plankart og i tråd med

retningsgjevande vedlegg til planen så langt dette er praktisk mogleg.

o_SKV1 omfattar fv. 564. Her har ein sett av areal for å kanalisere trafikkstraumar med eige venstresvingefelt. Trafikkstilje mot Krossnessundbru er avslutta før landkar, slik at ein ikkje må gjere endringar på eksisterande bru.

o_SKV2 gjeld fv. 245.

o_SKV3 gjeld køyrebane for alle kollektivhaldeplassar langs strekninga.

o_SKV4 gjeld kommunalveg Fosse. Ved bygging må ein tilpassa seg til bredda på eksisterande veg.

o_SKV5 gjeld fylkesveg fv. 246, Håtuftvegen. Ved bygging må ein tilpassa seg til bredda på eksisterande veg.

o_SV1 gjeld tilkomstveg til kommunalkai ved Fossesjøen. Langs denne vegen må ein og sikre tilkomst til septiktankanlegg som ligg på o_SVG aust for o_SV1.

o_SV2 er kommunalveg Moldekleiv.

o_SV3 gjeld tilkomstveg til utbyggingsområda ved Midsundet og Drageneset.

o_SV4 er kommunalveg Litlebergen.

o_SV5 er kommunalveg mot Litlebergen kai.

f_SV1 er tilkomst til 27/6.

f_SV2 er tilkomst til 26/114 og 26/125.

f_SV3 er tilkomst til 27/22.

f_SV4 er tilkomstveg for 27/68.

f_SV5 er felles tilkomstveg for 25/32, 25/19, 25/2, 25/147, 25/49 og 25/37.

f_SV6 er felles tilkomstveg for 25/123 og 25/53,67.

f_SV7 er definert som ein skogsveg/jordbruksavkøyrsløse som fungerer som tilkomst for 26/25.

f_SV8 er tilkomstveg for 27/7, 27/9, 27/102,47 og 27/87.

f_SV9 er tilkomstveg for 26/60.

4.2 Anna veggrunn (SVG)

Innanfor formålet tillét ein etablering av naudsynte skjeringar, fyllingar, rekkverk, murar og grøfter, samt naudsynte tekniske installasjonar, stabiliserande tiltak og liknande. Det kan og først opp støyskjermar innan formålet i naudsynt grad. Etter anleggsfasen skal areala tilretteleggast for naturleg revegetering, og dei skal framstå som grøntareal i størst mogleg grad.

4.3 Parkering (SPA)

o_SPA - ved Midtsundet er det sett av areal til utmarksparkering for tursti mot Moldekleivfjellet.

f_SPA er felles parkering for 25/125, 25/21, 25/66 og 25/64.

4.4 Leskur/Plattformtak (SP)

Ved alle kollektivhaldeplassar er det satt av areal til leskur.

4.5 Avkøyrselempil

Avkøyrselempil gjer løyve for dagens bruk i kvar aktuelle avkøyrsele. Ved utvida eller endra bruk av avkøyrsele må ein søke rette vegmynde.

§5.

GRØNSTRUKTUR

(PBL § 12-5 nr. 3)

5.1 Tilsåing mot dyrka mark

Tilsåing mot fulldyrka mark skal utførast med frøblanding som godkjennast av grunneigar eller med stadeigen vegetasjon.

5.2 Tilsåing av sideareal

Tilsåing av sideareal skal gjerast med standard frøblandingar for Vestlandet eller med stadeigen vegetasjon.

5.3 Svartelista artar

Ein pliktar å fylgje opp anlegget i 3 år etter ferdigstilling for å sikre at ikkje svartelista artar har følgt med nye massar.

Om ein finn svartelista artar, eller aggressive artar som lyssiv og høymol i eksisterande eller nye massar, skal desse massane fjernast. Det skal ikkje nyttast kjemisk ugrasfjerning. Termisk varnehandsaming i linja skal utførast før ein kan byrje å arbeide med infiserte massar.

Anleggsmaskiner skal reingjerast på staden der desse har vore i kontakt med infiserte massar.

5.4 Arbeid på jordbruksareal

Det skal ikkje utførast anleggsarbeid på fulldyrka eller overflatedyrka mark i vekstsesongen eller under slåtten utan avtale med grunneigar. Ved fjerning av matjord skal grunneigar, kommunen og

byggjerre informerast slik at ein har høve til å ta kvalitetskontroll på arbeidet. Areal som skal ferdigstillast som dyrka mark skal såast til med det same planeringa er ferdig.

Ein skal ta prøvestikk av matjordlaget på dei aktuelle stadane slik at maskinførar har nok kunnskap til å kunne skilje matjord frå underliggande lag. Matjordlag som skal fjernast eller flyttast skal ikkje blandast med ande lag eller massar. For mellombels lagring skal han lagrast i rankar ikkje høgare enn 70 cm. Opne matjordmassar i mellombels lagring skal dekkast til med vekstduk.

Det skal nyttast beltegåande gravemaskiner med lågt marktrykk til planeringsarbeid for å minimere komprimeringsskadar på jorda. Bulldosar skal ikkje nyttast på fulldyrka eller overflatedyrka mark.

B-sjikt med god struktur skal ikkje blandast med under- eller overliggande lag, men mellomagrast for seg sjølv i rankar ikkje høgare enn 1 meter. Dei skal planerast med stor, beltegåande gravemaskin i same djupne som dei originalt hadde. Der nytt B-sjikt skal etablerast skal denne ha ei djupne på minimum 80 cm inkludert A-sjikt (matjordlaget) A-sjikt bør vera 30 cm.

Drenerande lag skal sikre at overliggande massar ikkje får ståande vatn, eller at det blir for stor avrenning av overliggande massar. Der ein gjer inngrep i allereie fulldyrka mark skal grunneigar rådførast for best mogleg handtering og kartlegging av eksisterande drenering. Det skal utarbeidast dreneringsplan for både nye og eksisterande teigar.

5.5 Bekkar/elver

Røyr skal dimensjonerast med tanke på dagens flaumproblematikk og med eit 50% klimapåslag og sikrast tilstrekkelege dimensjonar for alle bekkar og elv innanfor planområdet. Bekken på Sunde skal i tillegg ha erosjonssikring mot jordbruksareala.

§6.

LANDBRUKS- NATUR OG FRILUFTSFORMÅL SAMT REINDRIFT (PBL §12-5 nr. 5)

6.1 Landbruksformål (LL)

Områda LL skal nyttast til landbruk.

LL1 kan utvidast over dagens bekk og bekk kan leggest i røyr innan formålet. Arealet kan hevast, men ikkje høgare enn høgda på fylkesvegen. Ein får ikkje deponere massar som er forureina til planering av nytt landbruksareal. Nytt landbruksareal på LL1 skal ha fall mot sør.

6.2 Naturformål av LNFR (LNA)

NLA områda skal nyttast til landbruk, natur og friluftsliv.

6.3 Turveg (GT)

O_GT1 – turveg mot hellebru opparbeidast som sti. Tilpassast mot eksisterande bru.

O_GT2 – Tilkomst til denne stien må sikrast ved utviding av vegen.

§7. OMSYNSSONER (PBL § 12-6)

7.1 Frisiktzone (H140)

Det kan ikkje først opp konstruksjonar eller element i frisiktsonene som hindrar fri sikt etter veglovens føresegner. Det skal vere fritt for sikthindringar høgare enn 0,5 meter over tilhøyrande vegs/avkøyringsnivå. Så lenge krav til tryggleikssone er ivaretatt kan enkeltstående tre, stolpar og liknande stå i frisiktsonene.

7.2 Faresone (H370)

Faresone H370 omfattar eksisterande høgspenn. Alt arbeid innanfor desse områda må varslast leidningseigar på førehand. Leidningseigar må godkjenne endringar på terrenghøgder innanfor faresona. Entreprenør må fylgje krav frå linjeeigar når det gjeld høgde og rekkevidde på anleggsmaskiner.

7.3 Kulturmiljø (H570)

Anlegget skal utformast med estetiske kvalitetar som høver til omliggande kulturmiljø.

§8. FØRESEGNSSOMRÅDE (PBL § 12-7)

8.1 Mellombels anlegg- og riggområde #1

Områda synt i plankart med symbol #1 og skravur, kan nyttast til rigg- og anleggsområde så lenge anleggsarbeida pågår. Områda kan nyttast til riggplass, anleggsvegar, omkøyringsvegar og lagringsplass for bygningsmateriell og maskinar.

Etter avslutta anleggsperiode, og innan 3 månader, skal areal med tilgrensande og erverva anna veggrunn målast inn. Deretter skal plangrensa justerast i samsvar med nye eigedomsgrenser, og føresegnssområde for anlegg og riggområde fjernast frå plankartet.

Områda som er nytta til anlegg og riggområde skal settast i stand etter nærare avtale med grunneigarar. Etter anleggsfasen skal det på offentlege sideområde leggest til rette for naturleg revegetering.

8.2 Føresegnssområde #2

Området kan nyttast til rigg- og anleggsområde og til deponering av massar i anleggsperioden. Etter avslutta anleggsperiode gjeld føringar gitt i §6.1.

§9. REKKEFØLGJEKRAV (PBL § 12-7 nr. 10)

9.1 Krav til utarbeiding av utfyllande planar

Ytre miljøplan (YM-plan) og landskapsplan skal utarbeidast som ein del av prosjekteringa. Ein skal før anleggsarbeida startar utarbeida ein beredskapsplan for korleis ein skal handtera vegstenging av fv. 245 ved for eksempel sprenging, med tanke på uttrykkingstid for naudetatar.

9.2 Andre rekkefølgjekrav

Før anleggstart skal det utarbeidast planar som syner korleis ein skal sikre framkomme for mjuke trafikantar i anleggsperioden. Ein skal og sikra tilkomst til stiar og utfartar langs anlegget gjennom anleggsperioden.